

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Videomøt 998290
MØTETIDSPUNKT: 10.12.2020, kl. 15.30 – 17.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Gunvald A. Iversen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Ragnhild Winum	Medlem

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerande direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

OPEN DEL**Sak 33/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden
Oppsummering**

Deltakrar deltok på videosamband på oppsett videomøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

**Sak 34/20 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
29.09.2020****Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 29.09.2020.

**Sak 35/20 Administrerende direktør si orientering, pkt. 1-2 vart behandla under
lukka del av møtet****Sak 36/20 Årleg melding 2020 Sjukehusapoteka Vest HF**

Årleg melding 2020 er Sjukehusapoteka Vest HF sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2020» frå Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årleg melding 2020 som Sjukehusapoteka Vest HF sin rapport til Helse Vest på oppdragsdokument 2020, og gir administrerende direktør fullmakt til å implementera i rapporten eventuelle oppdateringar som kan kome til etter styrebehandlinga.

Sak 43/20 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp under Eventuelt.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter jf. Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a (2) nr. 4

**Sak 35/20 Administrerende direktør si orientering, pkt. 1-2
Oppsummering**

1. Prosjekt B-180 Nasjonalt legemiddelberedskapslager
2. Oppfølging etter alvorleg hending

Styremedlem (tilsettrepresentant) Gunvald A. Iversen tok opp at han meinte seg ugild til å delta i behandling av orienteringa i pkt. 2.

Iversen fekk gå frå, og deltok ikkje i handsaming eller drøfting vidare.

Administrerande direktør og fagdirektør orienterte og svarte på spørsmål, og gjorde greie for tiltak som er sette i verk og for vidare oppfølging.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 37/20 Verksemdsrapport per oktober 2020

Oppsummering

Rapporten er lagt fram for styret.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek status til vitande.

Sak 38/20 Årsrapport kvalitet for Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

Årsrapport kvalitet for Sjukehusapoteka Vest HF syner at føretaket sitt arbeid med leining og kvalitetsforbetring er i tråd med forskrifta sine intensjonar. Viktigaste funn frå arbeidet er at det for kvar eining må prioriterast arbeid med oppfølging og lukking av gjennomførte revisjonar, i tillegg til at HMT, ytre miljø og arkiv blir inkludert i gjennomgangen på alle revisjonar. Det er observert ei auke i tal på rapporterte alvorlege hendingar på produksjonsområdet. I årsrapporten er hendingane kartlagt, med tilråding om konkrete tiltak for oppfølging. Arbeidet med risikostyring og involvering av styre blir viktig i 2021.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek Årsrapport kvalitet for Sjukehusapoteka Vest HF til vitande.

Sak 39/20 Budsjett 2021 for Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

Det er nytta same modell for budsjett og budsjettprosess 2021 som tidlegare år. Budsjett tek omsyn til volum og prisutvikling siste året samt dialog med sjukehusa om utvikling i tenestene.

Budsjettert resultat for 2021 er 7 mill. og i samsvar med resultatkrav frå eigar. Budsjettert pris- og lønsvekst er i samsvar med føringar frå eigar. Sjukehusapoteka Vest legg til grunn

at Covid19 vil prege omsetning og resultat spesielt fyrste halvår 2021. Underliggende planar for nasjonale og regionale utvikingsprosjekt ligg elles til grunn for ressursar til prosjekt og investeringar.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Budsjett 2021 for Sjukehusapoteka Vest HF slik det ligg føre.

Sak 40/20 Bandasjistverksemd – nye oppgåver for Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Etter avklaring om at avgiftspliktig bandasjistverksemd i regi av Helse Bergen og Helse Stavanger ikkje er i tråd med Skattelova §2-30 arbeider Sjukehusapoteka Vest saman med helseføretaka for å finne ei løysing som er i tråd med regelverket.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til vitande, og vil bli oppdatert om utfall i saka i løpet av 2021.

Sak 41/20 Styret si eigenevaluering, evaluering av AD og mål for AD 2021**Oppsummering**

Der er eit krav i protokoll frå føretaksmøte at styret i Sjukehusapoteka Vest HF evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar.

Vedtak (samrøystes)

- 1. Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør er gjennomført i Sjukehusapoteka Vest HF i november 2020 som elektronisk spørjeundersøking etter mal frå Helse Vest RHF.*
- 2. Styringsmål for AD i 2021 vert følgt opp av styreleiar.*

Sak 42/20 Lønnsregulering AD 2020**Oppsummering**

Ein viser til styresak 037/19 der styret godkjende styringsmål for AD 2020.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek lønnsregulering for AD på 1,7% gjeldande frå 01.01.2020.

Skriv og meldingar

- Brev av 22.09.2020 frå Sjukehusapoteka Vest HF til Helse- og omsorgsdepartementet om høyring – forslag til endringar i apoteklova § 6-6.
- Brev av 22.11.2020 frå Sjukehusapoteka Vest HF til Helse Vest RHF om høyring – Bruk av helseopplysninger for å lette samarbeid, læring og bruk av kunstig intelligens i helse- og omsorgstjenesten. Etablering av behandlingsrettet helseregister med tolkede genetiske varianter.

.....

Elektronisk signering av protokoll i Admincontrol.